

## Sunnhordland Kammerorkester

Sunnhordland kammerorkesteret har som føremål å stimulera strykarmiljøet i regionen gjennom eit samarbeid over kommunegrensene. Hovudmålet er å gjere det mogleg for vidarekomne ungdom i Sunnhordland å få spele kammermusikk på høgt nivå. Kammerorkesteret er først og fremst eit tilbod til dei vidarekomne elevane ved kulturskulane i regionen og musikklinna ved Stord vidaregåande skule. Orkesteret består av ungdomar, vaksne, amatørar og profesjonelle musikkarar frå Sunnhordland. Kammerorkesteret har base på Stord, men held konsertar i heile regionen, og gjerne saman med lokale musikkarar og kor. Orkesteret blei starta i 1984 og har gjennom åra hatt mange flotte konsertar og samarbeidsprosjekt. Vi kan nemna: "Messias" av Händel, "Carmina Burana" av Carl Orff, "Requiem" av Fauré, "Messe i G" av Schubert, "Messe i C" av Mozart og multimedieverket "Tid som renn tid som flyt" av Knut Vaage. I tillegg har orkesteret hatt mange flotte konsertar med solistar frå musikklinna og saman med Distriktsmusikkarane på Stord.

Hausten 2015 tel orkesteret 25 medlemer som kjem frå kommunane Stord, Bømlo, Etne og Kvinnherad. Frå 1998 og fram til i dag har **Lars-Erik ter Jung** vore orkesteret sin faste dirigent.

Orkesteret vil gjerne inspirer dei unge i regionen til å satse på instrumentet sitt, og har ofte samarbeid med Kulturskulane. Denne gongen er det Orkester 3 frå Kvinnherad kulturskule som er gjester.

## Orkester 3

Kvinnherad kulturskule har 3 orkestre og Orkester 3 er for dei eldste. Orkesteret har 16 elevar frå heile kommunen. Dei som held nivået og vil satse litt ekstra, kan søkje om å bli medlem i Sunnhordland kammerorkester

## Sunnhordland Kammerorkester

Dirigent: Lars-Erik ter Jung

### Einojuhani Rautavaara (1928 - ): The Fiddlers Op.1

- Närbläisten braa spel!
- Kopsin Jonas
- Klockar Samuel Dikström
- Pirun Polska
- Hypyt

### Henryk Gorecki (1933 - 2010): 3 pieces in Old Style

#### Kvinnherad kulturskule Orkester3

dirigent: Olena Pasichnyck  
piano: Eli Haugan

#### Theme from Ice Castle arr: Bob Cerulli

#### Edelweiss frå Sound of Music arr: Lloyd Conley

### Jean Sibelius(1865 - 1945) : Impromptu

### John Rutter (1945 - ): Suite for Strings

- A-Roving
- I have a bonnet trimmed with blue
- O Waly Waly
- Dashing away

### Astor Piazzolla (1921 - 1992): Oblivion

solist: Tiril Eirunn Einarsdotter - violin

#### Downton Abbey arr. Larry Moore

#### The Hunger Games arr. R Longfield

### Let it Go (frå "Frozen") arr: Larry Moore

SKO + Orkester 3

## Lars-Erik ter Jung

var fram til for få år sidan sers aktiv som ein av våre fremste fiolinistar, m.a. som konsertmeister i Bergen Filharmoniske orkester sidan tidleg på 1980-talet. Han er no ein ettertrakta dirigent rundt om, og arbeider med eit vidtfavnande repertoar med ulike ensemblar. Han har dei siste 15 åra dirigert ei rekke symfoniske produksjonar, m.a. fleire med Oslo Filharmoniske orkester. I ei årrekke har han arbeidd med ulike kammerorkestre; Det Norske Kammerorkester, Trondheimsolistane og Svenska Kammarorkestern kan nemnast. Telemark Kammerorkester (TKO), som han er kunstnarleg leiar for, har dei seinare åra inntatt ein markant posisjon i norsk musikkliv under ter Jungs leiing, m.a. som bestiller av ny musikk. TKO har no eit omfattande samarbeid med Musikkakademiet i Lodz i Polen, som inneber sju store prosjekt i 2014/15. ter Jung har ni år på rad dirigert førjulsballett i Tromsø, med dei store ballettane på repertoaret, og gjennom sin tilknytning til operaen i Kristiansund frem til nyleg, dirigerte han oppsetingar av m.a. Puccinis "Madama Butterfly" og Donizettis "Lucia di Lammermoor". ter Jung har ei rekke CD utgivingar bak seg både som fiolinist og dirigent, og fikk i 2013 Spelemannsprisen innan samtidsmusikk med ensemblet Asamisimasa.

## Tiril Eirun Einarsdotter

Går i tredje klasse på Stord vidaregåande skule med fiolin som hovudinstrument. Er aktiv i kulturlivet på Stord og rundt om i distriktet med fiolin, dans, song, teater, og som medlem i trekspeltrioen «jenter med drag». Byrja å spele fiolin i kulturskulen som seksåring med Alice Jonassen som lærar. Pendlar no til Bergen og tek timar hos Per Gisle Haagensrud. Mottok våren 2015 stipend frå Reinert Agdesteins minnesfond."

Fiolin

Orlaug Evensen  
Sigurd Aadland

Karl Otto Mikkelsen  
Kari Eide

Tiril E Einarsdotter  
Erin Ask Sele

Torstein Mikkelsen  
Vibeke Escher

Christine S Bjørsvik  
Olena Pasichnyck

Alise Jonassen  
Øystein Stautland

Ingvald Espeland  
Solveig Meyer Eide

Carina Chen Jonassen  
Ulva Nøtland Belt

Esther Andrea B Johnsen

Bratsj

Alexandar Glisic  
Ingrid Grimstad  
Helge Heiberg-Andersen  
Petra Becker

Cello

Jarle Kristoffersen  
Åshild Grimstad  
Kjell Skarsfjord

Bass

Heike Geldner

Piano

Eli Haugan

Tusen takk til alle våre sponsorar:

**Lækjar Finn Gunnar Ottesen**

Spesialist øyre - nase - halssjukdommar  
Telefon: 53 41 03 30

**Tannlege Anette Mjøs**

Sagvågsbrekko 9, 5410 Sagvåg  
Tlf: 53 41 55 50



**Husnes Tannlegesenter**

Tlf. 53 47 70 00

**Tysnes Sparebank**  
- din nærbank -

**FRONTA**

**KVERNER**

**SKL**  
Energi til utvikling

**HMR**

**BORGEN**  
advokatar

**HORDALAND**  
**FYLKESKOMMUNE**


Hydro Husnes  
Omnaheimsvegen 54  
5460 Husnes  
Tlf 53 47 50 00

**HYDRO**



**YOU-WHO - HUSNES**

**KVINNHERAD LIBRIS**



**Sundag 22.november 2015 Kl. 16.00**  
**Konsertsalen, Kulturskulesenteret**

**Bill: vaksne 150/- born, ungdom 80,-**